

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGERDato: 01.08.2014  
Vår ref.: 2014/19397-6  
Sakshandsamar: Endre Korsøen  
Telefon: 55 23 91 04

## **H-R-1 og H-R-17 Skjærgårdsfisk AS og H-KM-5, H-KM-22 og H-R-18 Lingalaks AS - Søknad om utviding av MTB på lokalitet 11665 Jibbersholmane i Radøy kommune**

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av søknad motteke 31.07.2014 frå Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS om utviding av maksimalt tillaten biomasse (MTB) i anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11664 Jibbersholmane i Radøy kommune.

Lokalitet 11664 Jibbersholmane er klarert for ein MTB på 2840 tonn. Verksemdene søker no om auka MTB til 3620 tonn på lokaliteten. Det vert ikkje søkt om endringar i arealbruk eller utstyrendringar.

Bakgrunnen for søknaden er å legge til rette for eit framtidretta anlegg for Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS. Ved å gjere denne endringa vil ein styrkja Skjærgårdsfisk AS som eit lokalt selskap med eigen administrasjon og drift i Radøy kommune. Soneindelinga som er iverksatt medfører at Jibbersholmane blir ein svært viktig lokalitet for Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS. Endring av MTB vil gje moglegheiter til å optimalisere drifta ytterlegare på lokaliteten og innanfor sonene med tanke på fiskehelsevelferd, og for å kunne gjennomføre ein "alt inn og alt ut" produksjon mest mogleg hensiktmessig. Tilpassinga til soneindelinga vil betra dei langsiktige utviklingsmoglegheitene til næringa. Verksemdene viser også til gode miljømålingar over fleire generasjonar som viser at lokaliteten har god tåleevne.

Hordaland fylkeskommune ber om at Radøy kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentlig ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentlig ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd, og innan 3 månader (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De kontaktar sakshandsamar Endre Korsøen, tlf.: 917 64 632 i Hordaland fylkeskommune.

Endre Korsøen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi: Skjærgårdsfisk AS/Lingalaks AS